

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien - nestleiar Thor
Hauknes - nestleiar, Kristian Hanto (berre på dag 1 og var med på
handsaming av sakene 1-7), Kjellbjørn Karsrud, Silje Solberg,
Thomas Nilssen
Ole Erik Feragen – 1.vara

Frå administrasjonen:

Linda Dyrnes – dagleg leiar (var til stades under 1,2, 8-13 og kurs i
Balansemerket. P.g.a. sjukdom, var ho ikkje til stades på dei andre
sakene. Liv Annette Nygjerdet – dei tilsettes representant, Solfrid
Gjeldokk – sekretær i møtet. Sina Myhr under sakene 4,8, 12 og 13,
John Stenersen under sakene 7 og 8, Audun Stokke Hole under sak 5.

Tid: Torsdag 4.februar kl.09.00-16.00

Fredag 5.februar kl. 09.00-14.00

Stad: Teams

I tillegg til saklista var det kurs i Balansemerket torsdag mellom kl. 10-12.

Sakliste

Styresak 2021/01 Innkalling og sakliste

Styresak 2021/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

Styresak 2021/03 Landsmøte 2021 program og sakliste

Styresak 2021/04 Sommarens arrangement

Styresak 2021/05 Magasinet Folkemusikk - organisering

Styresak 2021/06 Årsmelding 2020 – første gjennomgang

Styresak 2021/07 Folkelarm 2020 - oppsummering

Styresak 2021/08 Handlingsplan med særskilde satsingar 2022-2023

Styresak 2021/09 Styrehonorar

Styresak 2021/10 Medlemspengar

- Styresak 2021/11 Revidert budsjett 2021**
- Styresak 2021/12 Fordeling av midlar frå Dextra Musica**
- Styresak 2021/13 Søknader om å arrangere LK og LF**
- Styresak 2021/14 Evaluering av styrearbeid i perioden**
- Styresak 2021/15 Eventuelt**

Styresak 2021/01 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2021/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

a) Driftsrapport per 27.01.21

- a. Rådgeving/Opplæring/service
 - i. Vi fekk i desember utbetalt totalt 1,4 millionar momskompensasjon for både sentralledd og dei underledda som har søkt.
 - ii. Vi har fått og fordelt kr 545 000 i Frifond Organisasjon
 - iii. Setesdal spelemannslag vart utnemnt til Årets lokallag i desember 2020.
 - iv. Vi har informert om søknadsfristar og prosjekt retta mot det profesjonelle feltet
 - v. Vi var til stades under årsmøtet til Telemarksfestivalen.
- b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:
 1. Har analysert spørjeundersøkinga som vart sendt ut om LK og LF 2021 og hatt møte med årets arrangørar om det.
 2. Vore i dialog med framtidige søkarar om å vere lokal arrangør og har fått to søknader om å arrangere LF og ein som å søke LK.
 3. Vi ser på ulike løysingar for vidareutvikling av nettsider og app for arrangementa.
 - ii. Folkelarm
 1. Vi har gjennomført Folkelarm digitalt under strenge koronaregler.
 2. Digital Folkelarmprisutdeling.
 3. Aktivt arbeid med digital merksemd kring folkelarmartistar, Folkelarmprisvinnarar, INTROfolkvinnar mm.
 4. Vi har hatt samarbeid med Kulturmeleglerne om PR-arbeid.
 5. Vi ser på ulike løysingar for vidareutvikling av nettsider og app.
 6. Folkelarm har fått driftstilskot frå Oslo kommune frå 2021.
 7. Vi har opna for showcasesøknader for 2021.
 - iii. IntroFolk
 1. Vi har gjennomført IntroFolk digitalt, og har marknadsført artistane aktivt på nett.
 2. Vi har overraska vinnar Sigrid Stubsveen som vinnar.
- c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i. Folkemusikk – magasinet:
 1. Folkemusikk nr. 1/2021 er i produksjon, og går i trykken 15. februar. Dei fleste abonnentane har bladet seinast i veke 9.
 2. Det er planlagt bladslepp i Målselv i byrjinga av mars, i samband med ei folkemusikkhelg i regi av Kalottspel
 - ii. Anna informasjonsarbeid
 1. FolkOrg.no
 - a. Vi har oppgradert korona-informasjonen på www.folkorg.no. Relevant informasjon rundt korona er no samla på ei eigenside, med fleire undersider for mellom anna lag, arrangørar og utøvarar. Informasjonen vert oppdatert jamleg, og i takt med gjeldande regelverk, ordningar og anna info.
 - b. Vi har hatt samarbeid med Kulturmeleglerne og har evaluert det.
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:

- i. Vi har hatt fleire møter med Arrangørforum ang Arrangørundersøkelsen 2020. Vi har også hatt fleire møter om forenkling og forbetring av undersøkelsen for å auke svarprosenten.
 - ii. Vi har samarbeidd med fleire aktørar i Arrangørforum om innspel til den 4. stimuleringsordninga for frivilligheits- og idrettssektoren.
 - iii. Vi er gong med planlegginga av debattar både hos Kulturytring Drammen og Arendalsuka i samarbeid med Arrangørforum.
 - iv. Vi har sendt inn framlegg til kandidatar til styret i Norsk musikkråd og Musikkens studieforbund.
- e. Særskilde satsingar
- i. Rekruttering
 - 1. Vi har fått inn søknadar til rekrutteringsmidlar frå Dextra Musica og arbeida fram eit forslag til fordeling.
 - 2. Avtalt oppstartsmøte i slutten av januar med instruktørane for prosjektet Unge musikalske leiarar.
 - ii. Informasjon / formidling / dokumentasjon
 - 1. Synleggjering av vinnarar av Folkelarmprisar og IntroFolk
 - iii. Folkedans
 - 1. Har deltatt på fleire møter med Sff angående evalueringsrapport av og spørjeundersøking om Bygda dansar.
 - iv. Det profesjonelle feltet
 - 1. Professor i opphavsrett, Olav Torvund, har ferdigstilt ein rapport der han belyser temaa rundt TONO og opphavsrett. Rapporten vart bestilt av styringsgruppa for TONO i samarbeid med NMR.
 - 2. Har hatt møte med nettsideleverandøren til FOLKARTIST.NO no etter nyttår, og vi ventar på svar om når dei ser for seg at vi kan jobbe vidare med portalen. Det er på prioriteringslista denne våren å verte heilt ferdig med dette prosjektet.

b) Førebels rekneskap 2020

c) Hasteframlegg på heidersmedlem

d) Eventuelt

Vedtak: Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering med desse merknadene:

- a) Styret ønskjer at administrasjonen har enda tettare kontakt med laga under pandemien.
- b) Ingen merknad til rekneskapsrapporten.
- c) Hasteframlegget på heidersmedlem blir handsama saman med dei andre framlegga i styremøtet i mars.

Styresak 2021/03 Landsmøte 2021 program og sakliste

Vedtak

- a) Det blir landsmøteforhandlingar laurdag 17.april frå kl. 10-17. Det blir ei digital, sosial samling for landsmøtedeltakarane fredag 16.april om kvelden.
- b) Framlegg til sakliste er godkjend
- c) Vi arrangerer digitalt områdelagsmøte i løpet av våren.
- d) Vi arrangerer digitale seminar i løpet av våren, vi opnar for framlegg til seminar under Landsmøtet.

Styresak 2021/04 Sommarens arrangement

Vedtak:

- a) FolkOrg tilrår at Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldans ikkje vert gjennomført i 2021 på grunn av den pågåande pandemien og stor usikkerheit kring vaksineringa. Det gjer det vanskeleg å planlegge for arrangement utan sær store restriksjonar. FolkOrg stør opp om den avgjersla lokale arrangørar av LK og LF gjer om gjennomføring i 2021.
- b) Om Landskappleiken og Landsfestivalen 2021 blir avlyst, får dei lokale arrangørane arrangere i 2022. Landskappleiken i Lom blir då flytta til 2023 og Landskappleiken på Gol blir flytta til 2024.
- c) FolkOrg vil oppmode lokallag til å lage lokale og regionale arrangement, og då særskild retta mot born og unge. Vi vil etablere ei økonomisk og fagleg stimuleringsordning som skal bidra til at slike arrangement skal kunne la seg gjennomføre så langt smittevernreglane tillet.
- d) FolkOrg lagar ei førehandsprodusert sending som skal publiserast til hausten. Det er naturleg at det der kjem innslag frå sommarens arrangement. Arbeidsgruppe for sendinga er Camilla Granlien, Thomas Nilssen, Liv Annette Nygjerdet, Solfrid N. Gjeldokk og Sina Myhr.

Styresak 2021/05 Magasinet Folkemusikk – organisering

Vedtak:

Bente Riise frå Norsk Tidsskriftforening inviterast til neste styremøte for å orientere om ulike måtar å organisere Folkemusikk. Det skal vere med på å lage eit godt grunnlag for å fatte vedtak om organisasjonsmodell for Folkemusikk tidleg hausten 2021.

Styresak 2021/06 Årsmelding 2020 – første gjennomgang

Vedtak:

Styret godkjenner framlegg til årsmelding for 2020 med desse merknadene:

- Ta med at Malin Alander var finalist i INTROfolk, men måtte melde forfall på grunn av sjukdom.

Styresak 2021/07 Folkelarm 2020 – oppsummering

Vedtak: Styret i FolkOrg tok oppsummeringa til orientering.

Styresak 2021/08 Handlingsplan med særskilde satsingar 2022-2023

Vedtak: Styret kom med ei rekke innspel til handlingsplan med særskilde satsingar, som administrasjonen legg inn i eit framlegg til revidering i neste styremøte.

Styresak 2021/09 Styrehonorar

Vedtak:

- a) Styret gjer framlegg til Landsmøtet om ein modell for styrehonorar der ein går bort frå å betale ut kompensasjon for tapt arbeidsforteneste, og i staden aukar honoraret slik at det blir likt for alle. Framlegg til honorar per møtedag for styremedlemmer og medlemmer i arbeidsgrupper er kr 4000.
- b) Det er gjort framlegg om å auke godtgjersla til styreleiar til kr 70 000 per år og nestleiarar til kr 40 000 per år.
- c) Det er gjort framlegg om at endringane skal gjelde frå 2022.

Styresak 2021/10 Medlemspengar

Vedtak:

Styret legg fram for Landsmøtet desse framlegga til medlemspengar for 2023-2025:

- a) Medlemspengar for 2023 vert sett til kr 320 for vaksne, og kr 100 for born.
- b) Medlemspengar for 2024 vert sett til kr 320 for vaksne, og kr 100 for born.
- c) Medlemspengar for 2025 vert sett til kr 320 for vaksne, og kr 100 for born.

Styresak 2021/11 Revidert budsjett 2021

Saken vart utsett til eit eige møte.

Styresak 2021/12 Fordeling av midlar frå Dextra Musica

Vedtak:

FolkOrg tildeler midlar til 19 rekrutteringsprosjekt i 2021. Desse er:

FolkemusikkUNG i Valdres: 50 000 kr

Folkrekruutt: 50 000 kr

Fuglen: 50 000 kr

Bølingen: 50 000 kr

Arvtakerne: 65 000 kr

Morgondagens spelemenn: 50 000 kr

SPREK!: 50 000 kr

Ung Halling: 50 000 kr

Folk-verksted Buskerud: 60 000 kr

Kulturverkstad:FOLK: 80 000 kr

Spelemannslaget Laust og Fast: 80 000 kr

Gorrlaus: 100 000 kr

OsterFolk: 100 000 kr

TrønderTakt: 100 000 kr

HardingFolk: 100 000 kr

Polsdans mot Bodø 2024: 100 000 kr

UngFolk Gjøvik: 85 000 kr

Folkedans for barn med minoritetsbakgrunn: 70 000 kr

Lausdans og Hallingkast: 60 000 kr

Styresak 2021/13 Søknader om å arrangere LK og LF

Vedtak:

- a) Indre Sunnfjord Spelemannslag vert tildelt Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2023.
- b) Møre og Romsdal Folkemusikklag vert tildelt Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2024.
- c) Hardanger Spelemannslag vert tildelt Landskappleiken 2025.

Styresak 2021/14 Evaluering av styrearbeid i perioden

Intern evaluering i styret.

Styresak 2021/15 Eventuelt